



REFERAT – KOMMUNEREFORM

Telefonmøte Smia/Volda

26.08.2019 kl. 09:00

Til stades:

Rune Sjugard, Rådmann/prosjektleder

Ann Kristin Langeland, Rådmann

Asbjørn Moltudal, ass. Rådmann Volda

Hovudtillitsvalt Delta, Norunn Helene Holmøy-Wang

Hovudtillitsvalt Fagforbundet, Oddbjørg Yksnøy Rangsæter

Joakim Rødven (referent)

Agenda:

Aktivitet 1. Saker til Fellesnemnda 5. september	Ansvarleg oppfølging
<p>Følgjande saker vert førebels sett opp til møtet 5. september:</p> <ul style="list-style-type: none">- Økonomisk rapportering- Frivilligsentral i nye Volda- Forskrift for vatn og avløp- Retningslinjer for grendeutval- Marginavsetning skatt <p>Orienteringssaker</p> <ul style="list-style-type: none">- Presentasjon av ordførarkjede- Velferdsteknologi- Notat om klima- Promovideo for nye Volda- Kulturbygging – markering i samband med samanslåinga	

Aktivitet 2. Voldadagen	Ansvarleg oppfølging
<p>Den 7. september vert Voldadagen arrangert ved «propellhallen» i Volda sentrum. Dette er eit arrangement som har hatt god suksess dei siste åra og Volda kommune vil vere representerte med eigen stand denne dagen. Rådmannen, kommunikasjonsrådgjevaren og utvalde tilsette vil vere til stade på Volda sin stand.</p>	

Aktivitet 3. Reglement	Ansvarleg oppfølging
<p>Idet samanslåingsprosjektet nærmar seg sluttfasen, vil det verte viktig å få ei oversikt over alle reglement som må fornyast. Styringsgruppa føler at ein har relativt god oversikt, og skulle det dukke opp nye reglement ein må revidere vil ein ta dette fortløpande.</p>	

Aktivitet 4. Promovideo for nye Volda kommune	Ansvarleg oppfølging
<p>Kommunikasjonsrådgjevar Joakim Rødven har vore i kontakt med tre ulike aktørar om å produsere ein video for nye Volda kommune som kan nyttast i eigen marknadsføring. Kommunen har til intensjon å signere kontrakt med tilbydaren Oclin AS. Tilbydar tek sikte på å levere filmen før jul, slik at «nye» Volda kommune kan publisere denne over nyttår.</p>	JR

Aktivitet 5. Eventuelt	Ansvarleg oppfølging
<p>Nytt møte i Fellesnemnda Det vert sett opp nytt møte i Fellesnemnda 17. oktober. Dette for å unngå at det vert svært mange saker i møtet 5. september. Nokre saker vil uansett ikkje vere klare til handsaming tidleg i september.</p> <p>Konstitueringsmøte nytt kommunestyre Det nye kommunestyret vil ha konstitueringsmøte 24. oktober. Dette vil samtidig avløyse Fellesnemnda, som vil verte avvikla samtidig.</p> <p>Folkevaldprogram Det vil verte heldt folkevaldprogram i Loen 7-8. november. Dette etter bestilling frå medlemene i Fellesnemnda. Opplæringa er for medlemer som skal sitje i formannskap/kommunestyre.</p>	

Møtet slutt 09:30

Volda, 26.08.2019

Joakim Rødven

Kommunikasjonsrådgjevar